Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark

Vår dato: 18.09.2026
Vår ref: 2026/5770
Dykkar dato:
Dykkar ref:

Vinje kommune
Vinjevegen 192
3890 VINJE

Saksbehandlar, innvalstelefon
Pernille Bechmann, 33371078

Rapport etter tilsyn hos Vinje kommune 09.09.2026

Denne inspeksjonsrapporten (2026.027.I.SFVT) omhandlar forhold som blei avdekka under Statsforvaltarens tilsyn hos Vinje kommune 09.09.2026.

Rapporten består av følgjande delar:
- Del 1: Resultatet av tilsynet
- Del 2: Vår vurdering og grunngjeving
- Del 3: Informasjon om tilsynet
- Del 4: Annan informasjon

Del 1: Resultatet av tilsynet

Denne delen gir ein oversikt over resultatet av tilsynet og kva de må gjere til gitte fristar. Nærmare skildring er gitt i del 2.

Vi avdekka avvik som de må rette snarast

Vi avdekka følgjande avvik under tilsynet:
- Avvik 1: Kommunen har ikkje gjeldande kommunal avløpsplan
- Avvik 2: Miljørisikovurderinga har manglar
- Avvik 3: Avviksystemet har manglar
- Avvik 4: Responstid er ikkje fastsett skriftleg

Avvik er manglande etterleving av krav fastsett i eller i medhald av lov.

Vinje kommune må snarast rette opp avvika. De må sende oss ei skriftleg tilbakemelding som viser korleis avvika er retta innan 31.12.2026.

De må betale gebyr

Vinje kommune må betale eit gebyr på 53 800 kr for tilsynet.

Vi ber om tilbakemelding frå dykk på e-post
Vi ber om at de svarar ut avvika kvar for seg, merker tilbakemeldinga med saksnummer 2026/5770 og sender den til sfvtpost@statsforvalteren.no .

Del 2: Vår vurdering og grunngjeving

Avvik 1: Kommunen har ikkje gjeldande kommunal avløpsplan
Dette er eit avvik frå følgjande krav gitt i regelverket:
- Løyve etter forureiningslova Vågslid reinseanlegg, vilkår 2.2

Skildring av krav
Vilkår 2.2 i løyve etter forureiningsforskrifta for Vågslid reinseanlegg stiller krav om at gjennomført og planlagd utbygging av avløpsanlegg for transport og reinsing av kommunalt avløp skal dokumenterast i kommunal avløpsplan (hovudplan avløp og vassmiljø, saneringsplan eller tilsvarande).

Observasjonar under tilsynet og vår vurdering
Kommunen la fram Hovudplan VA for 2021-2025. De fortalte at dei fleste tiltaka i planen var gjennomført, at det ikkje er store planar om utbyggingar eller andre behov dei neste åra og at det ikkje var pågåande arbeid med å revidere planen.

Kommunen pliktar å ha ein plan i tråd med løyvet. Planen må bygge på ei miljørisikovurdering og sikre at de gjer nødvendig vedlikehald og oppgradering av avløpsanlegg i kommunen.

Avvik 2: Miljørisikovurderinga har manglar
Dette er eit avvik frå følgjande krav gitt i regelverket:
- Internkontrollforskrifta § 5 fyste ledd nr. 6
- Løyve etter forureiningslova Rauland reinseanlegg, Del B vilkår 4
- Løyve etter forureiningslova Vågslid reinseanlegg, vilkår 2.2

Skildring av krav
Internkontrollforskrifta § 5 fyste ledd nr. 6 stiller krav om at verksemda skal kartlegge farar og problem og på denne bakgrunn vurdere risiko, samt utarbeide tilhøyrande planar og tiltak for å redusere risikoforholda.

Del B vilkår 4 i løyve etter forureiningslova for Rauland reinseanlegg stiller følgjande krav**:** Ein skal unngå skade på miljøet som følgje av utsleppshendingar. Kommunen skal difor utarbeidde skriftleg risikovurdering for drifta av avløpsnett og reinseanlegg. … Moglege tiltak for å redusere risikoen skal gå fram av tabelloversikt der tiltaka er prioritert og rangert.
Vilkår 2.2 i løyve etter forureiningslova for Vågslid reinseanlegg stiller følgjande krav**:** Innan 01.01.2016 skal det utarbeidast ei samla risiko- og sårbarheitsvurdering for avløpsanlegget. … Vurderingane skal oppdaterast jamleg og ved vesentleg endring.

Observasjonar under tilsynet og vår vurdering
De la fram miljørisikovurderinga for Rauland reinseanlegg. Miljørisikovurdering for Vågslid reinseanlegg var også registrert i internkontrollsystemet Compilo. Miljørisikovurderingane var oppdatert i september 2026, men før det var dei ikkje oppdatert sida 2017.

Det var ikkje utarbeida tilhøyrande handlingsplan med frist og ansvarleg for gjennomføring av tiltak.

Avvik 3: Avviksystemet har manglar

Dette er eit avvik frå følgjande krav gitt i regelverket:

- Internkontrollforskrifta § 5 fyste ledd nr. 7
- Løyve etter forureiningslova Rauland reinseanlegg, Del B vilkår 3

Skildring av krav

Internkontrollforskrifta § 5 fyste ledd nr. 7 stiller krav om at verksemda skal iverksette rutinar for å avdekke, rette opp og forebygge brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerheitslovgivinga.

Del B vilkår 3 i løyve etter forureiningslova for Rauland reinseanlegg stiller krav om at rutinar for drift, tilsyn, vedlikehald og handtering av avvik som følgje av vilkåra i dette løyvet skal nedfellast i kommunen sitt internkontrollsystem.

Observasjonar under tilsynet og vår vurdering

Kommunen bruker Compilo som avvikssystem. De kunne vise til at det var meldt inn avvik, men det kom fram at det systemet ikkje blir brukt systematisk for avvik innan ytre miljø. De kunne ikkje legge fram ein skriftleg rutine for å registrere og handtere avvik.

Avvik 4: Responstid er ikkje fastsett skriftleg

Dette er eit avvik frå følgjande krav gitt i regelverket:

- Løyve etter forureiningslova Rauland reinseanlegg, vilkår 7 tredje ledd
- Løyve etter forureiningslova Vågslid reinseanlegg, vilkår 2.3.2 sjette kulepunkt

Skildring av krav

Vilkår 7 i løyve etter forureiningslova for Rauland reinseanlegg stiller krav om at det skal etablerast tilsyn med avløpsnettet og med reinseanlegget, og tilhøyrande beredskap skal ha ein nærare definert responstid.

Vilkår 2.3.2 i løyve etter forureiningslova for Vågslid reinseanlegg stiller følgjande krav**:** Kommunen må fastsette responstid for utbetring av feil som fører til overløp. Dette bør ein gjere som del av risikovurdering der ein mellom anna tek omsyn til resipienttilhøve o.a., jf. søknaden punkt 3.2.1.

Observasjonar under tilsynet og vår vurdering

Kommunen kunne ikkje legge fram rutinar som viste responstid for feil på avløpsanlegget. Det kom fram under oppsummeringa av tilsynet at vaktavtalen inneheld krav om responstid. Avtalen blei ikkje lagt fram under tilsynet.

I tillegg til å seie noko om kor raskt vakta skal rykke ut, må de fastsette tid for retting av feil.

Vedtak om gebyr

Statsforvaltaren vedtar at Vinje kommune må betale eit gebyr på 53 800 kr for tilsynet. Dette er sats 1 for tilsyn av inntil ein dags varigheit og er gitt på bakgrunn av ressursbruk til nå og forventa for oppfølging. Vedtaket er gitt med heimel i forureiningsforskrifta § 39-7.

De vil få tilsendt ein faktura frå Miljødirektoratet for innbetaling til statskassa.

Vi er pålagt å ta gebyr for tilsyn på forureiningsområdet. Gebyret skal dekke kostnadar med førebuingar, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Vi syner til varsel om gebyr 21.05.2026 og til forureiningsforskrifta kapittel 39 for ytterlegare informasjon om innkreving av gebyr til statskassa.

De har rett til å klage
De har rett til å klage på gebyrsatsen **innan tre veker** etter at de tek imot denne rapporten. Ein eventuell klage skal grunngje kva de klagar over og den eller dei endringar de ønsker. De bør grunngje klagen og nemne andre opplysningar av betydning for saka.

Ein eventuell klage skal de sende til Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark. Dersom vi ikkje gir medhald i klagen, vil vi sende den til Miljødirektoratet for endeleg avgjersle.

Klage på gebyrsats gir ikkje utsett iverksetting av vedtaket. De må derfor betale gebyret, og dersom klagen blir gitt medhald, vil restbeløpet bli tilbakebetalt.

Del 3: Informasjon om tilsynet

Gjennomføring av tilsynet
Tilsynet er gjennomført for å kontrollere om de overheld gjeldande krav fastsett i eller i medhald av forureiningslova. Vår heimel til å føre tilsyn er forureiningslova § 48. Rapporten gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av Vinje kommune sitt miljøarbeid eller miljøstatus.

Tilsynet er ein del av Statsforvaltarens risikobaserte tilsyn.

Frå Statsforvaltaren deltok
- Tone Carmona-Nøklegaard
- Pernille Bechmann

Kontaktperson hos Vinje kommune:
- Kjetil Midtgarden Vaagen, Kommunalsjef Teknisk drift og Infrastruktur

Andre deltakarar hos Vinje kommune:
- Avdelingsingeniør veg, vatn og avløp
- Driftsoperatør vatn og avløp
- Driftsoperatør vatn og avløp
- Driftsoperatør vatn og avløp
- Driftsoperatør vatn og avløp

Anlegg kontrollert
Følgande anlegg tilhøyrande Vinje kommune blei kontrollert under tilsynet:
- Rauland reinseanlegg med avløpsnett
- Vågslid reinseanlegg med avløpsnett

Tema kontrollert
Følgande tema blei kontrollert knyta til forureinande aktivitet:
- oppfølging av vilkår i utsleppsløyvet og forureiningsforskrifta; reinsekrav, utsleppskontroll, avløpsnett, overlaup etc.

- miljørisikovurdering
- avviksbehandling
- internkontrollrutinar innafor aktuelle tema

Regelverk
Tilsynet omfatta følgande regelverk:
- forureiningslova §§ 7 og 11
- forureiningsforskrifta kapittel 11
- forureiningsforskrifta kapittel 14
- internkontrollforskrifta

Framlagt dokumentasjon
Framlagt dokumentasjon som blei nytta for å verifisere faktiske forhold under tilsynet:
- Hovudplan VA 2021-2025
- Driftskontrollen:
    - Flytskjema Vågslid reinseanlegg
    - Flytskjema Rauland reinseanlegg
- Rosanalyse_Rauland_sept 26
- Rutine for risikovurdering
- Compilo avvikssystem

Del 4: Anna informasjon

De kan kommentere på rapporten
De kan kommentere på **faktiske feil** i denne rapporten. De må sende eventuelle kommentarar til Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark **innan to veker** etter at de fekk rapporten.

Rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg
Denne rapporten er tilgjengeleg for offentlegheita via vår postjournal på einnsyn.no, i tråd med offentlegheitslova. Rapporten vil i tillegg bli tilgjengeleg på norskeutslipp.no.

Med helsing

Siv Hege Wang Grøvo
fagsjef

Pernille Bechmann
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent